



KYSTVERKET

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Vår ref
2021/2765-4

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
13.09.2023

Fråsegn til avgrensa varsel om utvida plangrense - Områderegulering for Grøn næringspark Kvinnherad - PlanID 20200005 - Kvinnherad kommune - Vestland fylke


Vi viser til brev av 30.8.2023 med avgrensa høyring av områderegulering i Kvinnherad kommune.

Formålet med planen er å leggje til rette for grønne næringsverksemdar som vil etablera seg i området. Kvinnherad kommune skriv at hovudmålet med planen ikkje er endra, men ein ønsker å leggje til rette for ei utfylling utanfor eksisterande kai. Det vert vurdert å utvide «Hamneområdet i sjø» (VHS).


Kystverket syner til vårt fråsegn til oppstart av planen datert 22.3.2021.

Kystverket har faglege råd til hamneområdet i sjø og utforming av kai.

Kystverket har ikkje merknader til utviding av planområdet i sjø. Vi merker oss at varsla utviding kjem nær eksisterande ankringsområde «Husnesvågen». Vi syner i den samanheng til brev frå Kystverket datert 28.3.2023 med tittel «Innspillsrunde til Ankringsområder for sjøtransporten – Rogaland fylke nord for Jærens Rev og Vestland fylke»



Eksisterande ankringsområde




Forslag til justert ankringsområde jf. brev 28.3.2023

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Når det gjeld «Hamneområde i sjø» vil vi rå kommunen til å ta utgangspunkt i naudsynt manøvreringsareal til dimensjonerande fartøy. Manøvreringsarealet i hamna skal settast ut frå lengda på dimensjonerande fartøy (størrelse og manøvreringsegenskap) som skal nytte hamna. Som eit minimum skal det settast av ein sirkel med minimum diameter 2 x lengda av dimensjonerande fartøy. Arealet kan bestå av ein eller fleire sirkular avhengig av hamna si størrelse, utforming og topografi. Fartøya si evne til manøvrering er forskjellig, og arealavgrensinga må vurderast spesielt for denne hamna. Det er difor viktig at brukarane av hamna vert tatt med i arbeidet.

Kaia bør utformast slik at fartøyet kan velge om det vil bruke babord eller styrbord side til kai. Nokre fartøy er avhengig av å ha ei bestemt side til kai, pga. laste/losse utstyr. I tillegg til dimensjonerande fartøy må ein vurdere manøvrerarakteristikk, forskjellige oppløp, vind, straum osv. For å få en optimal plassering av kaier og manøvrering område, bør det innhentast vind og straumdata for området.

Installasjonar i overflata og vassøyla og kablar og leidningar på botn kan komme i konflikt med omsynet til trygg og effektiv manøvrering i hamna.

Kystverket viser til dei faglege råda våre og innspel i dette brevet, og ber om at det blir teke omsyn til desse i oppfølginga av planarbeidet.

Med helsing

Ruben Vian Alseth
Fung. avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent